

## Til Radøy kommune

### Søknad om idrettsfunksjonell godkjenning balløkke ved Sæbø skule.

1. Nærmiljøanlegg ved Sæbø skule står på plass i kommunen sin plan
2. Området for ballspel får 2m brei gangveg inn på skuleplassen i komprimert grus. Skuleområdet har universell utforming.
3. Arealet ligg på kommunal grunn som grensar inn til skuletomta. Dette arealet er definert som friareal i kommunen sin arealplan. Den opparbeidde bana vil få eit areal på 10\*20m. For utforming, sjå vedlagt tilbod frå entreprenør. Sjå og vedlagt kartskisje. Bana vert i nær tiknytning til Klatrejungel, montert i 2015, samt klatrepyramide og anlegg for klatring/styrke og ballanse som er planlagt gjennomført haust 2016. Vedlagt kart viser plassering.
4. Estetikk:  
Området ligg i ei opning i skogområdet nordvest for skulen. Det var eit våtsøkk som var farleg for elevane her inntil skulen for eit år sidan fekk drenert. Eksisterande vegetasjon rundt bana vil bli ståande, og etableringa vil ikkje gå ut over kvalitetane området har estetisk. Anlegget vert pent tillaga med jord inntil kantane og isåing av gras, sjå tilbod frå entreprenør. Det vil i tillegg gi utvida tilbod for leik. Det vil heller ikkje generera anna støy enn barn i leik, slik ein ballbinge kunne gjort med ballar mot ei hard flate.
5. Investering og drift.  
Det er kommunal løyving til etablering av tiltaket i årets investeringsbudsjett. Drift og vedlikehald vert kommunalt ansvar.
6. Behov. Skulen hadde fram til nybygg 2009 ein fotballbane, 70\*40m knytt til skuleplassen. Ny skule er bygd der denne bana låg. Ballbinge etablert i 2007 skulle dekke behovet. Ballspel eg populært og med eit aldersspenn frå 6 til 13 år, er det stadig rift om å få plass i ballbingen. Den nye bana blir nesten dobbelt så stor som ballbingen og vil gi eit positivt tilbod til dei eldste elevane og fritida for barn som bor i nærområdet.
7. Vedlagt pristilbod:  
68250kr inklusive mva.  
17224kr inklusive mva (2mål 2\*3m med nett + frakt)  
**85550kr Sum**

Sæbø skule 12.08.2016

Rolf Sandstad  
rektor